



**Høgskulen
på Vestlandet**

BACHELOROPPGÅVE

I kva grad kan eit sosialt medium som blogg, påverke unge jenter si psykiske helse i form av depresjon og angst?

To what extent can social media platforms like blogs, affect young girls' mental health in forms of depression and anxiety?

av

211 - Linda Marheim Watten

Sosiologi - ungdomssosiologi

SO590

Avdeling for samfunnsfag

25.05.2017

8227 ord

Rettleiar: Irina Pavlova

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.*



**Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen på Vestlandet sitt
institusjonelle arkiv (Brage)**

Eg gir med dette Høgskulen på Vestlandet løyve til å publisere oppgåva "I kva grad kan eit sosialt medium som blogg, påverke unge jenter si psykiske helse i form av depresjon og angst?" i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar.

Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

211 - Linda Marheim Watten

JA NEI

211 - Linda Marheim Watten

JA NEI

211 - Linda Marheim Watten

JA NEI

Abstract

Young girls frequently roam and absorb information online in a society where social media, e.g. blogs, have emerged to be highly popular. In this society, bloggers write as they please about their own views and personal experiences with mental disorders, as well as every aspect on mental health in general.

Subsequently, Ivar Frønes writes how the adolescence has come to be digitalised and modern.

Jostein Gripsrud writes about the affect media can have on people and how the most important institution of secondary socialization has become mass media.

Additionally, Erving Goffman believes that life is a stage where you play a certain role in front of an audience. As a participator on such a stage it is easy to fall between one's frontstage and backstage personality, and thus act differently thereafter. Goffman's theory could be associated with how the bloggers perform on their platform, as well as how their written words frontstage have an affect on their young female readership. See, frontstage they might be telling the truth, but backstage the truth might not be as it first seemed like.

Furthermore, an empirical analysis on three bloggers, who are some of the most popular in Norway, has been conducted about their experiences with mental health and similar issues. The analysis showed that they do in fact expose raw information on the said topic, and in that way pass it along to a vulnerable audience of youngsters, without being aware of its consequences.

Innholdsliste

1. Innleiing	5
1.1 <i>Problemstilling</i>	5
1.2 <i>Bakgrunn for val av tema</i>	6
2. Teori	6
2.1 <i>Goffman og vårt rollespel til dagleg</i>	7
2.2 <i>Digitalisert barndom og sekundærsosialisering</i>	8
2.3 <i>Mediepåverknad</i>	10
3. Empiri	11
3.1 <i>Jenter i forhold til gutar</i>	12
3.2 <i>Konsekvens av påverknad gjennom blogg</i>	13
3.3 <i>Bloggarane</i>	14
5. Drøfting.....	19
5.1 <i>Avslutning</i>	23
6. Litteraturliste	25
Sjølvalt pensum.....	28

1. Innleiing

"Mediene er med på å definere virkeligheten rundt oss, og dermed er de med på å definere oss".¹

Me lever i eit samfunn der sosiale medium er blitt ein stor og vanleg del av kvardagen. Dei aller fleste er aktive på ein type sosialt medium, og gjerne innanfor fleire, ulike plattformer. Veldig mange av brukarane er unge menneske som har lett for å bli påverka av det dei ser og høyrer.² Sosiale medium har fått enorm påverknadskraft i samfunnet, og det er heilt vanleg at ungdom brukar mykje av fritida si på Internett og sosiale medium.

Bloggarar skriv seg gjerne til eit kjent varemerke i Noreg i dag, og blir ofte idealisert av ungdommar som ser opp til dei og det dei gjer. Kvardagen blir gjerne framstilt som heilt perfekt og idyllisk, men kva skjuler seg bak denne fasaden dei lagar og skriv om? Tre av dei største bloggarane i Noreg har fleire tusen ulike lesarar kvar dag. Til tider skriv dei om personlege erfaringar og psykiske lidingar, og det er framleis uvisst kva konsekvensar det bloggarane skriv kan ha for dei unge som les det.

Det er mange som kan bli påverka av effektane av sosiale medium, men problemstillinga her vil ta føre seg unge jenter på ungdomsskulenivå, og korleis dei kan bli påverka av det dei ser og les på eit sosialt medium som blogg. Teoriane i oppgåva er henta frå Erving Goffman sin rolleteori, Ivar Frønes sin teori om ein moderne barndom, og Jostein Gripsrud sin teori om mediemakt i samfunnet. Deretter tek den føre seg empirisk materiale som syner til at jenter er meir på sosiale medium enn gutar, og meir utsatt for psykiske lidingar, før den analyserer tre av dei største bloggarane i Noreg innanfor dette temaet.

1.1 Problemstilling

Eg ynskjer å tileigne meg meir kunnskap om sosiale medium og bloggarar sin påverknad på unge jenter, og korleis dette kan påverke den psykiske helsa deira i form av depresjon og angst. Eit tilsynelatande perfekt liv sett utanfrå er nødvendigvis ikkje så perfekt som bloggarar framstiller det gjennom sosiale medium, og ofte er det vonde hendingar og opplevingar som ligg bak fasaden og

¹ Gripsrud 2015: 15

² Hafsaas 2014

skurrar. Ofte skriv dei opent om eigne psykiske lidingar som om det er heilt kvardagslege problem som er enkelt å fokusere på. Dette kan påverke unge jenter på ein måte ein ikkje kjenner konsekvensane av. Eg har difor valt å ta utgangspunkt i problemstillinga:

I kva grad kan eit sosialt medium som blogg, påverke unge jenter si psykiske helse i form av depresjon og angst?

1.2 Bakgrunn for val av tema

Temaet eg tek føre meg, bloggpåverknad på psykisk helse, er framleis lite forska på i sosiologien. Difor vil eg rette noko av søkjelyset på korleis kommunikasjonsmønstra i bloggverda kan skapa ulike verkelegheitsforståingar blant unge jenter, og forsterke det sosiale presset dei kan oppleve i dag. Opplevinga av interaksjonen gjennom blogg har ofte ikkje felles meining for mottakaren og sendaren. Eg er oppteken av psykisk helse, og korleis ein blir påverka av det ein ser og les på ulike sosiale medium. Tidlegare har eg vore i praksis som engelsklærer på ein ungdomsskule og allereie der fekk eg eit godt innblikk i korleis dei unge jentene i klassane blir påverka av det dei ser og les på Internett. Dette inspirerte meg til å lage ei problemstilling som stiller spørsmål til kva eit sosialt medium som blogg kan gjere med unge jenter, og om det kan føre til at dei opplever psykiske lidingar. Psykiske lidingar fører til endra åtferd og tankegang hjå eit menneske, og grunnen kan vera både sosial og psykologisk.³ Det er fleire ulike former for psykiske lidingar, men denne oppgåva vil fokusere på to av dei mest vanlege, nemleg depresjon og angst.⁴

2. Teori

Dette kapitlet tek føre seg teori henta frå sosiologistudiet, og fokuserer fyrst på Erving Goffman sin rolleteori og omgrepa "frontstage" og "backstage". Deretter ser det på Ivar Frønes sin teori om den moderne, digitaliserte barndomen, og knyter dette opp mot sekundærsosialisering. Til slutt tek det føre seg Jostein Gripsrud sin teori om mediesamfunnet menneska no lever i, og påverknaden dette har for dei i samfunnet. Problematikkar knytt til mediebruk og psykisk helse blant ungdom er samansette og må bli sett i ein kontekst om den digitale barndom, mediesamfunnet og teateranalogi.

³ Malt 2016

⁴ Helsedirektoratet 2016

2.1. Goffman og vårt rollespel til dagleg

Erving Goffman sin teori om frontstage og backstage er like aktuell i dag som for mange tiår sidan, og kan knytast til den oppfatninga me som publikum opplever når me ser eller les på sosiale medium.

Goffman meiner at menneske spelar ulike sosiale roller i løpet av eit liv, og oppfører seg annleis "frontstage" enn "backstage". Han meiner at verda er ei scene og oppførselen mennesket utfører "frontstage" er måten ein oppfører seg på, og måten ein samhandlar på når ein er klar over at andre ser det ein seier og gjer. "Backstage" derimot er korleis mennesket oppfører seg når ingen andre ser på, eller i ein meir daglegdags situasjon der ein ikkje treng spela ei rolle for å stå fram som meir erfaren, dyktigare eller meir kunnskapsrik enn det ein eigentleg er.⁵ Frontstage og backstage kan vera ulike situasjonar både innanfor arbeidsliv, og interaksjon med andre menneske. Til dømes vil ein lensmann oppføre seg annleis frontstage i møte med kriminelle og straffedømde, enn backstage med familie og vener når arbeidet blir lagt til sides, og uniforma teken av.⁶

"Opptreden" eller framføring, er all den aktivitet ein person utfaldar i løpet av eit tidsrom der den blir kjenneteikna ved samvær med ei bestemt gruppe menneske. Denne framføringa har dermed ein viss innflytelse på denne gruppa menneske som skal sjå på framføringa. Framføringa får etiketten "fasade" fordi den blir framført på ein generell og fastlagt måte der den skal definere situasjonen for den gruppa menneske som ser på.⁷

Når ein person spelar ei rolle, ynskjer han at publikumet, eller gruppa med menneske som ser på framføringa, skal ta inntrykket av det personen prøver å formidle, alvorleg. Den rolla som blir spelt, eller den måten personen opptrer i rolla si på, skal vera så ekte og overtydande at publikum trur på det dei ser og høyrer. Dei kvalitetane, eigenskapane og meiningane som rolleinnhavaren har under ei framføring skal vera så ekte at det som blir vist fram er nettopp slik som det skal vera, og publikum skal oppfatte det som det einaste rette.⁸

Nokre av dei rolleinnhavarane som skal spela ei rolle går så inn for rolla si at han eller ho blir

⁵ Cole 2017

⁶ Goffman 1992

⁷ Goffman 1992: 27

⁸ Goffman 1992

fullstendig overtydd om at det inntrykket som blir gjeve til publikum, er den verkelege verkelegheita. På denne måten blir gjerne publikum meir overtydd om at det dei ser er fortruleg, og heilt ekte også. Det finst sjølvst sagt også tilfelle der rolleinnehavaren ikkje går inn for rolla si og det han eller ho framfører. Då er det mogleg at situasjonen er sånn fordi rolleinnehavaren berre er oppteken av å bruke framføringa som eit middel for og nå andre mål som han eller ho har. Denne typen rolleinnehavarar kan koma under kategorien kynikar fordi han eller ho ikkje trur på det dei sjølv framfører, og ikkje er oppteken av kva oppfatning og inntrykk publikum sit att med.⁹

Ikkje alle framføringar er like overtydande, og det er ikkje alltid publikum vil oppleve det som blir sagt eller framført som heilt sant og overtydande. Det kan oppstå situasjonar der publikum både føler at inntrykka er sanne og ekte, men også falske eller fulle av løgn. Det er ikkje alle som let seg påverka eller manipulera av ei framføring, og dermed blir publikum meir opptekne av å vurdere pålitelegheita av det dei ser.¹⁰

Nokre gonger kan det bli vanskeleg for rolleinnehavaren å gjeve akkurat det inntrykket han eller ho ynskjer, men det er sjeldan grunn til å påstå at dei verkelege inntrykka som kan stride mot det inntrykket som skal bli gjeve, er noko meir verkeleg enn den verkelegheita det stridar mot.¹¹ Der som ein prøver å gjeve eit inntrykk av verkelegheita frå ei rolle må ein ofte finne ut kva andre ordentlege faktorar av verkelegheita som kan kome til å knuse det inntrykket. Ein rolleinnehavar vil helst ikkje bli tvilt på, og ynskjer at det han eller ho skal formidle skal vera så ekte og verkeleg som overhovud mogleg. Det er sjølvst sagt ulike grader av framføringar som avspeglar ei verkelegheit som ikkje er så verkeleg som den blir framstilt. Svindlarar og løgnarar er til dømes rolleinnehavarar som syner ei verkelegheit som kan vera både uekte og overdriven. Uansett kven som skal spela ei rolle må dei passe på at dei har dei rette uttrykka når dei skal gjeve inntrykk til mottakarane av at det dei seier eller fortel er sant.¹² Rolleinnehavarane må gå inn for rolla si, og passe på at dei er truverdige og gode formidlarar av det dei seier.

2.2 Digitalisert barndom og sekundærsosialisering

Der leiken var meir aktuell og meir vanleg for nokre år sidan, er barndomen og ungdomstida blitt

⁹ Goffman 1992: 24

¹⁰ Goffman 1992: 55

¹¹ Goffman 1992: 60

¹² Goffman 1992

meir og meir digitalisert. Me kan no seie at barn og unge opplever ein digital barndom. Dette omgrepet refererer til medieutviklinga av alt frå Internett, interaktive medium, og digitale hjelpemiddel, til dei ulike funksjonane ein mobiltelefon har i dag. Det er ikkje berre teknologien som er blitt utvikla dei siste åra, men også på grunn av denne digitale utviklinga har det blitt danna nye sosiale mønstre blant barn og unge, enn tidlegare.¹³

Leik ute og saman med andre er blitt mindre vanleg, og kvardagen no er mykje meir digitalisert og styrd av mobiltelefonen. No er det heilt normalt at jenter sit i sofaen på mobiltelefonen og fortel kvarandre det dei har sett og lest på ulike sosiale medium, og bloggar. Dei diskuterer og pratar om det dei har lest, og har gjerne laga seg ulike meiningar om det bloggarane har skrive. Uansett kva dei gjer eller finner på, både aleine og saman med andre vener, så fylgjer sosiale medium med dei, fordi det er så enkelt å klikke seg innpå og surfe seg gjennom det store Internettet. Det er heile tida tilgjengeleg, og kvardagen er dermed styrd av denne digitaliseringa.

Digitaliseringa av barndomen har nok ført unge på nett, og gjort til at dette har blitt både alminnelig og daglegdags. Sosiale medium opnar for nye moglegheiter og nye kulturelle mønster, men korleis alt som skjer på nett får konsekvensar for barn og unge sin sosialisering og oppvekst er vanskeleg å seie.¹⁴

I dagen sitt samfunn er ikkje primærsosialiseringa den viktigaste for unge lenger, men sekundærsosialiseringa er blitt ein faktor som tek stor plass i dei unge sitt liv. Sekundærsosialisering er hovudsakleg internalisering av institusjonelle "sub-verder", og krev tileigning av rollespesifikke ordforråd. Dette betyr internalisering av semantiske områder, noko som strukturerer rutineatferd og rutinetolkningar innanfor eit område som er institusjonelt.¹⁵

Sekundærsosialiseringa tek lengre tid enn tidlegare, og er prega av instrumentalitet. Tidlegare var sosialiseringa meir integrert, medan no blir den meir spesialisert. Dette betyr at tidlegare vaks born og unge opp i ein situasjon der familieliv, fritid, arbeid og læring var meir blanda. Arbeid føregjekk i større grad i familien og i heimen, og skillet mellom arbeidstid og fritid var ikkje så skarpt som det skillet me har no. Unge skulle læra, og den største delen av læringa var det du lærte av å gjera. Dette kan kallast eit handlingsrikt samfunn, men i nyare tid har desse livsområda blitt

¹³ Frønes 2011: 107

¹⁴ Frønes 2011: 125

¹⁵ Berger & Luckman 1966: 143

meir avskilt. No skjer sosialiseringa meir i forbindelse med det daglege liv i avskilte sfærar. Mykje av sosialiseringa skjer dermed i skulen der det er liten tilknytning til familieliv, arbeid, og fritid.

¹⁶

Dei siste åra er det blitt ei dramatisk utvikling i media når det kjem til lyd og bilete, og tida som born og ungdom før brukte til samvær med foreldre, besteforeldre og andre er blitt teken over av fjernsyn, dataspel, og ikkje minst Internett. I forhold til tidlegare byggjer no unge ofte sine nettverk på Internett. ¹⁷

Dermed har sekundærsosialiseringa for barndomen utvikla seg, og den viktigaste institusjonen for sekundærsosialisering er no massemedia. Allereie frå ein er liten lærer ein å kjenne til ulike typar medium som fjernsyn, radio, datamaskin, og Internett. På iPad og mobiltelefon har ein alt ein treng av tilbehøyr som formidlar både leik og informasjon via sosiale medium. ¹⁸ Både barndomen og sekundærsosialiseringa er blitt moderne og digitalisert.

2.3 Mediepåverknad

Media har stor påverknad på menneske i alle aldrar, og i eit samfunn der sosiale medium har fått ei så stor rolle som den har i dag, påverkar det både ulike grupper og på ulike måtar. Media definerer oss fordi det er med på å definere det me ser, har, og opplever rundt oss. Ein kan seie at verda blir forstått på ein ny måte gjennom bilete, lyd, og skrift. Sjølve får me moglegheita til å bestemme kva me vil lese, sjå, høyre, kva me vil late oss påverke av, og om me tykkjer det me ser og høyrer er keisamt, interessant, lite viktig, eller viktig. Som mottakar av alle inntrykka me får gjennom denne type medium er det vårt ansvar å bestemme oss for korleis me vil oppfatte desse inntrykka. Ikkje minst er det me som bestemmer korleis me vil late dette påverke oss og identiteten vår, eller i kva grad me ikkje vil late det påverke oss og identiteten vår. Det er nettopp denne oppfatninga mennesket får av seg sjølv som blir kalla identitet. ¹⁹

Menneske dannar seg oppfatningar av media, medmenneske og seg sjølv ved interaksjon med andre, og oppfatning av det som føregår rundt seg. Kvar og ein sin identitet blir eit nettverk av ulikskapar og likskapar med andre menneske. Det finst to hovudtypar identitet, nemleg sosial

¹⁶ Martinussen 2008: 260

¹⁷ Martinussen 2008: 261

¹⁸ Gripsrud 2015: 14

¹⁹ Gripsrud 2015: 15

identitet og kollektiv identitet. Det som utgjer mennesket sin sosiale identitet er oppfatninga andre menneske får av dei ved deira handlingar, ord, og interaksjon.²⁰ Den sosiale identiteten kan dermed samanliknast med korleis mennesket opptrer i ei rolle framanfor andre menneske frontstage, og korleis dei påverkar dei rundt seg i den rolla dei spelar.²¹

"Sosiale medier er blitt betegnelsen på nettsider der brukere leverer innholdet og kommuniserer med hverandre".²² Ulike nettstader der jenter og gutar kan treffast for å utveksle interessene sine innafor datamaskiner og science fiction har eksistert i over 15 år. For desse unge menneska som kanskje hadde litt meir sære interesser enn andre, blei nettet ein arena der dei fekk moglegheit til å utveksle kunnskap og meiningar med andre. Dette blei til eit slags fellesskap mellom desse brukarane, og dermed også ein felles identitet.²³ På same måte kan me sjå at blogg i dag er blitt ein arena der ein spesifikk brukar delar både daglegdagse gjeremål, tankar, og meiningar med fleire tusen andre mottakarar.

Det blir også utveksla kunnskap på bloggen, men i forhold til tidlegare der ein felles identitet blei skapt og ein delte kunnskap, er det no heller bloggaren som deler sin kunnskap og sine tankar, meiningar og erfaringar med sine lesarar. Interaksjonen føregår gjerne i eit kommentarfelt om det er nokon interaksjon mellom brukar og mottakar, eller så blir dei ulike innlegga diskutert mottakarane seg i mellom. Kommunikasjonen føregår ikkje heilt på same måte som for 15 år sidan, men likevel heng den felles identiteten att fordi mottakarane ofte kan kjenne seg att i det dei ser og les på bloggen.

3. Empiri

Dette kapitlet tek føre seg empiri henta frå rapportar og statistikkar gjennomført av NOVA og Medietilsynet. Til slutt tek det føre seg ein analyse av empirisk materiale henta frå tre av dei største bloggarane i Noreg: Sophie Elise Isachsen, Anna Rasmussen, og Caroline Berg Eriksen. Kapitlet ser på jenter sin bruk av sosiale medium i forhold til gutar, og konsekvensane bloggpåverknaden kan få for unge jenter på sosiale medium.

²⁰ Gripsrud 2015

²¹ Goffman 1992

²² Gripsrud 2015: 37

²³ Gripsrud 2015

3.1 Jenter i forhold til gutar

Det ser ut til at jenter i samfunnet i dag er meir utsatt for psykiske lidningar, og påverka utanfrå enn det gutar på same alder er. Jenter er meir på sosiale medium når dei er på Internett, enn det gutar er. Når gutar brukar datamaskin og mobiltelefon er det helst for å spela spel, medan jenter surfar gjennom sosiale medium og brukar meir Internett og mobiltelefon enn det gutar på same alder gjer.²⁴

Jenter er meir på sosiale medium der dei syg til seg inntrykk, og blir påverka av det dei ser og les, medan gutane sit bak skjermen og spelar i ei virtuell verkelegheit. I ein rapport kalla "Hør på meg, Ungdomsundersøkelsen i Stavanger 2013", utført av NOVA, blir det peika på at sjølvbilete hjå unge blir påverka heile livet, og at dei blir påverka av interaksjon med andre. Tidlegare forskning har synt at det er ein samanheng mellom problem med psykiske lidningar, og eit dårleg sjølvbilete. I rapporten syner dei til ein tabell som peikar på at dei fleste ungdomane i Stavanger i 2013 har eit greit sjølvbilete, men det kjem fram at jentene slit litt meir enn gutane med sjølvbiletet sitt.²⁵

I ein annan rapport "Ungdata Nasjonale Resultater" utført av NOVA frå 2016 er det gjort undersøkingar av mediebruken til unge jenter og gutar, og der kan ein sjå tydeleg at jenter er meir aktive på sosiale medium enn gutar. Rapporten syner at i ein 10. klasse på ein ungdomsskule brukar 72 % av jentene minst ein time om dagen på sosiale medium, mot 46 % av gutane. Rapporten syner også at gutar faktisk brukar meir tid på elektroniske spel enn det jenter på same alder gjer. Her brukar 68 % gutar i ein 10. klasse minst ein time dagleg på spel, mot 33 % jenter.²⁶

Denne rapporten syner også at ungdom brukar ein god del, til mykje tid framanfor ein skjerm i løpet av ein dag. Heile 26 % brukar meir enn fire timar framanfor ein skjerm i løpet av dagen. Cirka 50 % brukar opptil fire timar, medan berre åtte % påstår at dei i løpet av ein dag brukar mindre enn ein time framanfor ein skjerm. Det kan sjå ut som om jenter brukar meir tid på sosiale medium på ein mobiltelefon i staden for ein skjerm, då rapporten syner at 52 % jenter mot 60 % gutar i 10. klasse på ein ungdomsskule brukar minst tre timar framanfor ein skjerm i løpet av ein dag. Dette kan støttast oppunder med ein statistikk lagt fram i ein rapport om born og medium i 2016, utført av Medietilsynet, som syner at frå 12-årsalderen aukar bruken av sosiale medium

²⁴ Bakken 2016

²⁵ Hartberg & Hegna 2014

²⁶ Bakken 2016

blant jenter. Totalt 54 % av jenter i alderen 15-16 år brukar sosiale medium fleire timar om dagen, mot 34 % gutar på same alder.²⁷

Hovudfunnet frå statistikkane syner at jenter på ungdomsskulealder er meir på sosiale medium enn gutar på same alder, og at dei brukar mykje av tida si framanfor ein skjerm.

3.2 Konsekvens av påverknad gjennom blogg

Konsekvensane av ein digital barndom, eit Internett i stadig utvikling, og ein eksplosjon av ulike sosiale medium er ikkje kjende. Det er nesten blitt heilt vanleg å stå fram med ulike former og grader for psykiske lidningar i dag, og i bloggverda er ikkje dette noko unntak. Tvert i mot står fleire bloggarar fram med sine problem, og ulike psykiske lidningar. Når unge jenter då kan vera letpåverkelege og bloggarane byrjar å ta opp meir alvorlege, personlege tema, kan konsekvensen av dette bli at jentene let seg påverke av det dei les. Ein studie gjort av nokre forskarar ved University Pittsburgh School of Medicine ser på effekten sosiale medium har på humøret til brukarane sine, og der konkluderer dei med at unge brukarar har lettare for å bli deprimerte, eller oppleve psykiske vanskar som fylgje av bruken av sosiale medium.²⁸

Det blir støtta opp av rapporten til Ungdata Nasjonale Resultater utført av NOVA i 2016, at jenter ofte er meir utsatt for psykiske plagar enn det gutar på same alder er. Depresjon og angst er dei mest vanlege plagene blant ungdom, men det kjem fram i statistikken at jenter oftare søker hjelp for problema sine, enn det gutar gjer. Rapporten syner at jenter heilt klart slit meir enn gutar på same alder. I ein 10. klasse på ungdomsskulen har 25 % jenter eit høgt nivå av depressive symptom, mot 7 % gutar på same alder. Rapporten syner også at psykiske plagar blant unge jenter har stige dei siste åra. Dette kan ha stige i takt med at sosiale medium har blitt meir tilgjengelege og normalt, og at bloggarar er meir synlege og pågåande no enn dei var for nokre år sidan. I 2011 var det 6,9 % gutar som hadde eit høgt nivå av depressive symptom. Rapporten syner at det har vore ein jamn nedgang hjå gutar frå 2011 til 2015. På desse fire åra har det gått frå 6,9 % til 5,3 %. Blant jentene derimot har det stige. I 2011 var det allereie 15,9 % jenter som hadde depressive symptom på eit høgt nivå, og på seks år har det stige til heile 17,9 %.²⁹

²⁷ Medietilsynet 2016

²⁸ Chowdhry 2016

²⁹ Bakken 2016

Statistikkane som er blitt sett på her, syner at jenter på ungdomsskulealder er meir utsett for psykiske lidningar enn gutar, og at medan symptoma på depresjon går gradvis nedover hjå gutane, så stig dei kraftig hjå jentene.

3.3 Bloggarane

Blogg er sett saman av orda "web" og "logg" og er innlegg du kan publisere på Internett så alle kan sjå og lese det som blir skrive.³⁰ Fenomenet er fleire år gammalt, men dei siste åra har det skutt i veret og blitt både normalt og ekstremt populært. Det er fleire tusen bloggar i Noreg i dag, men berre 10-20 bloggar er så populære at dei kvar einaste dag haustar unike klikk frå tusenvis av lesarar kringom i landet. Dei aller, aller største bloggarane tenar i tillegg gode og store pengar på dei ulike innlegga dei publiserer.³¹

Blogging er dermed dei siste åra blitt ein arena innafor sosiale medium som har fått så stor makt at den påverkar unge i alle aldrar. Som Gripsrud sa, så er media med på å definera verkelegheita rundt oss, og dermed med på å definera oss.³² Bloggarar er blitt førebilete og rollemodellar gjennom bloggen sin, og ofte har dei ei sterk stemme som dei brukar tydeleg i innlegga sine. Nokre gonger er det heilt uskuldige, kvardagslege ting som blir skrive om, og andre gonger er det annonsering og reklame av ulike klede og produkt som bloggarane personleg kan tene litt ekstra på å skrive om. Dette er kvardagsleg for bloggarane, men det som også er blitt alminneleg for dei er å skrive om sine personlege problem, djupe tankar, og kva som føregår i hovudet deira. Det som gjer vondt, det som plagar dei, og det som er sårt. Når bloggarar fortel si personlege historie på bloggen sin er dei med på å definera verkelegheita ved å dele dei unike, ulike historiene sine. Dei er dermed med på å definera publikumet rundt seg, altså lesarane sine, og dermed med på å påverka publikumet sitt.

Ved å dele ulike tankar og personlege opplevingar når det kjem til psykisk helse er bloggarane med på å normalisere dei psykiske lidingane dei dreg fram i lyset på bloggen sin. På ein blogg har bloggarane, som Goffman pratar om i sin rolleteori, ei rolle dei går inn i.³³ Ein blogg er ei scene som har eit publikum med opp til 50 000 unike menneske kvar dag. Blogging er ei framføring der rolleinnhavaren er så truverdig at publikum ofte kjenner seg att, og føler seg treffen av det som

³⁰ Farlex 2017

³¹ Newth; Svendsen 2016

³² Gripsrud 2015: 15

³³ Goffman 1992

blir sagt. Når bloggarane då pratar om psykiske lidningar og fortel eigne historier om depresjon, angst, sjølv mordstankar, og eteforstyrningar opptrer dei då frontstage i ei rolle som truverdige, sårbare menneske som det er synd i. Backstage er gjerne sanninga langt frå så dramatisk som det blei framstilt for eit publikum, og kanskje dei psykiske lidningane er heilt rasjonelle kjensler som ein rett og slett opplever frå ei tid til annan, i løpet av eit liv. Dette kjem likevel ikkje tydeleg fram i rolla som bloggar det er synd i, sidan det er dette som er truverdig frontstage. Dermed sit publikum att og blir påverka, og då er det gjerne snakk om unge jenter. Som statistikken henta frå Ungdata sin rapport frå 2016 syner, så er det nettopp flest unge jenter på ungdomsskuletrinnet som brukar sosiale medium, og det er også denne gruppa som er mest utsatt for psykiske lidningar.³⁴

Desse unge jentene er allereie sårbare, gjerne lettpåverkelege, og utsatt for å utvikle ei form for psykiske lidningar. Når dei då les desse innlegga frå bloggarar som set ord på det vanskelege og vonde, kan det vera lett å sitte og tenkje at dei kjenner seg att i det bloggarane skriv om, og at kanskje dermed dei også då har ei form for psykiske lidningar. I verkelegheita kjenner eigentleg dei unge jentene på rasjonelle, men litt vanskelege kjensler i ein periode, men når bloggarane framstiller dette som depresjon eller angst så kan dei unge jentene tenkje at dette feilar dei også, for slik kjenner dei det også frå ei tid til annan.

For å syne at bloggarar tek føre seg sårbare tema der dei gjerne skriv om personlege erfaringar og deler eigne historier om psykiske lidningar, har eg valt ut tre av Noreg sine største bloggarar: Sophie Elise Isachsen, Anna Rasmussen, og Caroline Berg Eriksen. Tre unge damer som har stor påverknad på unge, og som har fleire tusen lesarar kvar einaste dag. Eg har undersøkt om desse tre bloggarane har skrive eit eller fleire innlegg som kan relatere til at dei sjølv har, eller har hatt ei form for psykiske lidning. Her gjekk eg på det meste fem år tilbake i tid for å sjå om det var skrive innlegg som handla om dette temaet. Eg gjekk systematisk gjennom arkiva på bloggane og skreiv inn nøkkelord som "deprimert" og "angst". Overskrifter som fanga merksemda mi i forhold til dette klikka eg på, og les innlegga til. I tillegg skreiv eg inn namn på blogg og nøkkelord på Google, for å finne fram til ulike nyhendeartiklar som kanskje var skrivne i forbindelse med innlegga bloggarane hadde publisert.

Sophie Elise Isachsen er 22 år gammal, og har alt frå 30 000 til 50 000 unike lesarar kvar einaste

³⁴ Bakken 2016

dag på bloggen sin som er blant dei tre mest leste i Noreg.³⁵ Isachsen tek ofte føre seg sårbare tema, og kjempar med stemma si for det ho trur på og meiner. Med plasseringa ho har på bloggtoppen i Noreg er det liten tvil om at ho påverkar svært mange av sitt publikum gjennom den rolla ho har.³⁶

Allereie i 2012 skreiv Sophie Elise om sin erfaring med depresjon, og at ho hadde vore deprimert ein periode etter ungdomsskulen.³⁷ I innlegget peikar ho kort på at ho til og med skada seg sjølv med vilje for å få vekk den psykiske smerta så ho kunne fokusere på den fysiske ei lita stund. To år seinare, i 2014, stod ho fram på God Morgen Norge og fortalde at ho den sumaren hadde blitt råka av psykiske lidingar atter ein gong, men denne gongen gått forbi stadiet depresjon, og byrja å utvikle angst.³⁸ I eit innlegg i 2015 tok Isachsen opp temaet sjølvskading atter ein gong, og bad lesarane sine om å ikkje vera så dumme som ho var den gongen for nokre år sidan.³⁹ Same år innrømde ho i tillegg at ho tidlegare hadde vore bipolar, då ho avslutta eine innlegget sitt med "hel-sing tidlegare bipolar".⁴⁰

I 2016 skreiv ho for fyrste gong om angsten som er blitt ein del av kvardagen hennar, og om angstanfalla som til stadigheit dukkar opp. Ho avslutta innlegget med å skrive at ho eigentleg ikkje veit kvar ho vil med å skrive akkurat det innlegget.⁴¹ To månader seinare skreiv ho i eit kort innlegg at ho har angst for angsten, og vaknar sliten, kjenner at dagen ikkje er god, og at hjarterytmen er høg. Ho konstaterer samstundes i slutten av innlegget at ho fortsatt slit med angst, og at ho skulle ynskje ho ikkje gjorde det.⁴²

Det kjem tydeleg fram på bloggen til Isachsen at ho gjennom ein periode på fem år, og kanskje til og med før det, har slitt med ulike psykiske lidingar i fylgje seg sjølv. På bloggen finst det ingen konkrete bevis på at Isachsen har dei diagnosane ho sjølv har ramsa opp gjennom desse åra, men ho framstiller det tydeleg som at ho har opplevd fleire ulike former for psykiske lidingar, og at det har påverka ho.

³⁵ Nettavisen 2017

³⁶ Isachsen 2017

³⁷ Isachsen 2012

³⁸ Lorentzen 2014

³⁹ Isachsen 2015

⁴⁰ Isachsen 2015

⁴¹ Isachsen 2016

⁴² Isachsen 2016

Anna Rasmussen på 20 år, er på lik linje som Isachsen, på lista over Noreg sine topp tre mest leste bloggar, og kvar dag klikkar tusenvis av menneske seg inn på bloggen hennar.⁴³ Rasmussen er ung mor som har vore aktuell på TV i tillegg til bloggen, og når både eit litt eldre, men også eit ungt publikum med innlegga sine.⁴⁴

I 2016 skreiv Rasmussen at ho var deprimert for fyrste gong i 2010 som følge av svangerskapet ho gjekk gjennom som svært ung. I dette innlegget legg ho vekt på at ho har følt seg trist og usikker med jamne mellomrom sidan den gong, og stiller spørsmål kring depresjonen sin, og at den kanskje aldri slepp taket heilt. Ho undrar på om ho alltid vil vera lett påverka av depresjon sidan ho allereie har vore deprimert ein gong tidlegare.⁴⁵ I byrjinga av 2017 stiller atter ein gong Rasmussen spørsmål til seg sjølv og depresjon gjennom eit innlegg. Ho går gjennom ein tøff periode i livet på privaten, og undrar på om ho blir deprimert av heile situasjonen. Kvardagen er tøff, og ho er mykje sliten. Ho legg likevel vekt på at det ikkje er sjølve blogginga og alle kommentarane ho opplever som gjer ho deprimert, men det som skjer på heimebane.⁴⁶

Berre ein månad seinare sjokkerar Rasmussen med eit innlegg der ho er ærleg om at ho på eit tidlegare tidspunkt i livet prøvde å ta sitt eige liv. Tilbake i 2010 då ho var gravid, og deprimert i fylgje seg sjølv, tok ho eit tau rundt halsen og stramma godt til. Ho påstår at ho hadde ustabil psyke, og meiner at det har ho mest sannsynleg hatt heile sitt liv. Heldigvis for Rasmussen var ikkje ynskjet om å ta sitt eige liv sterkt nok, så ho greidde aldri fullføre sjølvmoordsforsøket. Konsekvensen av dette er i fylgje Rasmussen at ho blei deprimert, men at det ikkje var så rart med det utgangspunktet ho hadde.⁴⁷

Rasmussen skriv relativt korte og konsise innlegg på bloggen sin, og innlegga om depresjon og sjølvmoordsforsøk er ikkje noko unntak. Dei er ikkje lange, og greier ikkje ut i det uendelege om tankar kring psykiske lidingar, men blir nesten framstilt på ein måte som seier at det er heilt greitt, eller nesten normalt. Dette med tanke på livssituasjonen hennar og kor mykje press ho har hatt på seg som ung og gravid.

⁴³ Nettavisen 2017

⁴⁴ Rasmussen 2017

⁴⁵ Rasmussen 2016

⁴⁶ Rasmussen 2017

⁴⁷ Rasmussen 2017

Caroline Berg Eriksen er ein annan toppbloggar som på lik linje med Isachsen og Rasmussen er ein av Noreg sine største og mest profilerte bloggarar.⁴⁸ I motsetnad til Isachsen og Rasmussen er Berg Eriksen ei dame på 30 år som bloggar mest om trening og livsstil, samstundes som ho syner fram eit nærmast perfekt og idyllisk liv på heimebane.⁴⁹

Ulik frå Isachsen og Rasmussen som opent skriv om depresjon, angst, og sjølvmoordsforsøk så skriv Berg Eriksen om idyllisk familieliv, der ho i tillegg har eit stort fokus på kropp, helse og trening. Berg Eriksen har tidlegare vorte kritisert i media for å fremje usunne ideal og eit usunt kroppsbilete. Ho er blitt skulda for å vera anorektikar fordi ho er så tynn, men at ho har eteforstyringar har både ho og ektemannen nekta på.⁵⁰ Berg Eriksen har aldri vore redd for å legge ut bilete av seg sjølv og kroppen sin, og har sidan 2011 vore kjend for sin svært slanke figur, og vel-trente kropp. På grunnlag av dette har Berg Eriksen blitt eit førebilete for mange innanfor trening, men mange har også vore kritiske til hennar påverknad på unge jenter når det kjem til kropp.

Til trass for at ho aldri har gått ut med å ha ei psykisk lidning, eller skrive opent om depresjonar og angst, blei det stort oppstyr i media i 2014 då det blei kjend at den syltynne dama retusjerte seg endå tynnare på bilete ho la ut på bloggen.⁵¹ Ho hadde då tidlegare gått hardt ut mot retusjering, sagt at det var synd folk retusjerte bileta sine, og at det var noko ho aldri gjorde sjølv. Då media avdekka sanninga og tok Berg Eriksen på at ho retusjerte bilete av seg sjølv, la bloggaren seg flat i eit innlegg på bloggen. Der spelte ho på kroppspress, og at ho hadde dårlege dagar der ho ikkje kjende seg så bra som andre dagar. Ho meinte det var eit enormt press på at ho skulle sjå bra ut heile tida fordi ho var bloggar, men nokre gonger svei kommentarar angående kroppen hennar frå publikum, og då blei freistinga til å retusjere seg slankare eller endre litt på ein kroppsdell, for stor. Innlegget avsluttar med at ho ber publikum, lesarane sine, om å tilgjjeve ho og sjå situasjonen frå hennar rolle og perspektiv.⁵²

Det er tydeleg at det perfekte livet som blir framstilt på bloggen til Berg Eriksen slår sprekker når det kjem fram i media at ho retusjerer eigne bilete, og endrar smådetaljar på sin eigen kropp for å føle seg betre. Då syner ho at livet hennar ikkje berre er rosenraudt. Samstundes er det ingen tvil

⁴⁸ Nettavisen 2017

⁴⁹ Eriksen 2017

⁵⁰ Talseth 2013

⁵¹ Blokhuis; D. Dahl; Bråthen 2014

⁵² Eriksen 2014

om at ho skapar eit svært dårleg bilete av seg sjølv, og faktisk fremjar eit usunt ideal for unge jenter når ho som er så tynn og veltrent, retusjerer bilete av kroppen sin for å sjå endå mindre ut.

5. Drøfting

Martinussen peikar på at tidlegare føregjekk sekundærsosialiseringa for unge ofte på heimebane med familie og arbeid rundt seg, men no i nyare tid er den viktigaste sekundærsosialiseringa massemedia.⁵³ Det er tydeleg at media, lyd, bilete, tekst, og sosiale medium er med på å forme og påverke ungdom i dagen sitt samfunn, og at denne typen sosialisering blir viktige grunnsteinar for utviklinga deira vidare mot dei vaksne si verd. Der familie og heimen ofte påverka ungdom i stor grad, er det no ulike rollemodellar på sosiale medium, som bloggarar, som påverkar dei gjennom sine bilete, tekst, og meiningar.

I tillegg til at sekundærsosialiseringa var meir heime hjå familien, og lærdom i form av arbeid og utføring, så har også barndomen mista litt av det gammaldagse preget sitt og blitt påverka av mediasamfunnet. For samstundes som massemedia er blitt den viktigaste sekundærsosialiseringa, er barndomen blitt digitalisert og føregår no meir på nett og mobil enn interaksjon med kvarandre i forhold til leik og aktivitet, slik som Frønes peikar på.⁵⁴ Media har ført dei unge på nett, og den digitaliserte barndomen med sosiale medium har opna for nye mønstre og moglegheiter for unge. Frønes peiker også på at med denne digitaliseringa og utviklinga veit ein ikkje kva konsekvensar det vil få for dei unge og korleis det påverkar dei, noko problemstillinga i denne oppgåva også fokuserer på.

Goffman meiner at ein spelar ei rolle heile livet og at livet er ei scene der ein opptrer framanfor eit publikum. Helst ynskjer ein rolleinnehavar at framføringa skal vera så truverdig som mogleg, og at det publikumet som ser på skal tru på det dei ser og høyrer.⁵⁵ Bloggaren Caroline Berg Eriksen står fram som truverdig i rolla på bloggen sin med sitt tilsynelatande perfekte liv og veltrente kropp. Det er tydeleg at Berg Eriksen trur på si eiga framføring, heilt til ho blir teken på sin falske framføring, og får ein reaksjon frå publikum. Konsekvensen av dette er at ho legg seg flat som offer i si eiga rolle, men ber publikum om å "sjå det frå mi side og tilgjeve meg".

⁵³ Martinussen 2008

⁵⁴ Frønes 2011

⁵⁵ Goffman 1992

Goffman skil mellom frontstage og backstage og forklarar det som ulikskapane i måten rolleinnhavaren opptrer på når han eller ho skal vera overtydande framanfor mottakarane i publikum, og korleis han eller ho er på heimebane.⁵⁶ Goffman sin teori kan knytast opp mot blogging på sosiale medium, og korleis ein bloggar står fram og påverkar sine mottakarar. Fronstage i ei sterk rolle, fortel bloggarane om kvardagen og livet sitt, og står helst fram som lukkelege og glade. Backstage er gjerne ikkje fasaden den same, og både vanskelege hendingar, og psykisk helse kan påverke dei i den grad at dei faktisk ikkje har så fantastiske dagar som det dei framstiller for publikumet sitt. Bloggaren Anna Rasmussen står fram som sterk og engasjert, men i forhold til andre bloggarar innrømmer ho nokre gonger at backstage er det ikkje så sprekt som ho alltid ynskjer. Hendingar i privatlivet til Anna, backstage, fører til at ho blir deprimert, og dette gjer det til tider vanskeleg for ho å spela rolla si fullt ut frontstage.

Ein kan sjå på bloggen som ei scene der framføringa skal skje, og bloggaren som rolleinnhavaren som opptrer frontstage framanfor eit publikum. Bloggaren ynskjer å formidle noko til publikumet sitt på ein overtydande måte, og kan etter kvart leve seg så mykje inn i rolla si at bloggaren sjølv alltid trur på det han eller ho framfører, og at dette er den heile og rette sanninga. Sophie Elise Isachsen gjer dette på bloggen sin når ho påstår at ho ikkje berre har hatt ein, men fleire ulike psykiske lidningar. På førehand har ho tydeleg kunnskap om psykiske lidningar, og lever seg så mykje inn i rolla si at ho trur på si eiga framføring, og det ho formidlar til publikumet sitt.

Frontstage opptrer bloggaren som eit sjølvikkert menneske med livet på stell, og presenterer gjerne fleire personlege, ulike historier frå sitt eige liv. Bloggaren tek opp både aktuelle, gode, men også vonde tema. Publikum trur på det livet bloggaren fortel om, og skapar eit bilete av at bloggarane sine liv er tilnærma lik perfekt. Dette byggjer på interaksjonismen, som går ut på at sosialt liv består av felles handling og ulike førestillingar om roller og grupper i eit samfunn.⁵⁷ Publikum blir omringa av denne verkelegheita som dei trur på, og forventningane dei har til den verkelegheita bloggarane presenterer i rollene sine. Interaksjonismen seier at når handlingar blir påverka av forventningar så er åtferda sosial og kan byggje på faktiske forhold. Samstundes kan også desse forventningane vera fiktive, og at det eigentleg berre er innbilt at det ligg ei forventning der. Ein kan stille seg spørsmål om unge jenter blir påverka av ei verkelegheit som faktisk

⁵⁶ Goffman 1992

⁵⁷ Martinussen 2008: 77

eksisterer, eller om dei blir påverka av ei falsk verkelegheit som berre eksisterer fordi bloggaren har skapt den, og presentert den til sitt publikum.⁵⁸

Sjølv om bloggaren framstiller ei verkelegheit som publikumet trur på, frontstage, er det svært lite sannsynleg at bloggaren opptre på same måte backstage, når han eller ho går ut av rolla si. Når ein bloggar framstiller livet sitt som fantastisk og perfekt frontstage gjennom bloggen, er det lite truverdig at det er så flott backstage når framføringa på bloggen tek slutt. Sjølv om ting blir framstilt som vedunderleg og stort gjennom denne rolla som bloggar, er det nokre gonger bloggaren går inn i rolla som sårbar og dreg fram tema som ikkje er så perfekte som det dei vanlegvis skriv om. Når bloggaren går inn i rolla som eit offer for psykiske lidingar påverkar også dette publikumet til å tru på det som blir skrive. Frontstage har bloggaren det då vanskeleg og vondt, og fortel om ulike hendingar som har prega dei i form av psykiske lidingar som angst, depresjon, og sjølv-mordstankar. Men det kan stillast spørsmål til om det er så alvorleg backstage som det bloggaren framstiller det på, gjennom sine uttrykk. Dette kan ein sjå spesielt godt på bloggen til Isachsen og Rasmussen. Den eine dagen handlar innlegget om angst og vanskelege dagar, medan dagen etter skriv dei at dei var på fest eller ein annan type sosialt samvær, der dei hadde det kjekt. Gjerne med eit nytt, sponsa klesplagg på kroppen som dei reklamerer for, og tenar peng på i tillegg. Ein annan ting som kan syne til at det ikkje er så alvorleg som dei skal ha det til i innlegga sine er nettopp denne annonseringa og reklameringa for andre produkt gjennom bloggen. Ein dag kan det kome eit personleg innlegg om depresjon, og neste dag reklamerer dei for tannbleiking og kor nøgde dei er med resultatet det har gjeve. Då kan det sjå ut som om alt det vonde som blei skrive om dagen før er gløymt.

Det er tydeleg at kommunikasjonsmønstra i bloggverda er annleis frå tradisjonell kommunikasjon. Bloggarane sit med definisjonsmakta når dei definerer eigne psykiske lidingar. Dei kan også bryte kommunikasjonen sjølv ved å slette upopulære kommentarar og innlegg. Då fjernar dei verkelegheitsframstillingar som ikkje passar med deira rolle, eller dei gjer det på grunn av konfrontasjon frå publikum. På denne måten kan dei skape ei forsterking av det sosiale presset blant unge jenter, og i verste fall skape ei parallell, digital verkelegheit som er like truverdig for dei unge som den fysiske verkelegheita dei tek del i. Når desse blir blanda, kan det vera svært vanskeleg for dei unge å skilje mellom dei fiktive og dei reelle forventningane retta mot dei.

⁵⁸ Martinussen 2008: 80

Framstillinga frontstage er ei skummel utvikling på grunn av påverknaden sosiale medium har på unge jenter. Som statistikken henta frå Ungdata sin rapport i 2016 syner, så brukar unge jenter mykje meir tid på sosiale medium enn gutar, og det er også desse unge jentene som er mest utsatt for å få ein form for psykisk lidning i løpet av ung alder.⁵⁹ Bloggarane har ikkje berre ei rolle i ei framføring dei skal spela, men dei blir rollemodellar og førebilete for unge jenter. Sosiale medium er lett tilgjengeleg, og bloggarane er alltid tilgjengelege for jenter gjennom bloggen sin, men dei er også tilgjengelege på fleire andre sosiale medium. I dei fleste situasjonar fører desse andre plattformene på sosiale medium tilbake til bloggen deira og det dei vil ha fram, i form av bilete og tekst. Ofte fremjar dei seg sjølv, bloggen, og innlegga sine både på Snapchat, Facebook, og Instagram. I tillegg til dette får dei ofte mediemerksmd i nyhendeaviser, spesielt når dei skriv om litt meir vanskelege tema, eller personlege erfaringar innanfor psykisk helse. Dermed blir det bloggarane skriv og deler endå meir tilgjengeleg, og rollene deira får ofte stor plass i det livet unge jenter har, og ser på sosiale medium.

Likevel kan ein ikkje skulde media for presset bloggarane kan gjeve unge jenter, men ein kan sette spørsmålsteikn til akkurat dette med at media skriv nyhendeartiklar og saker om det bloggarane går ut med, spesielt når det kjem til psykiske lidningar. På denne måten gjer media desse innlegga endå meir tilgjengelege ved at unge jenter kan lese om dei psykiske lidningane bloggarane skriv om på fleire plattformer enn berre sjølv bloggen. Media er med på å framheve og understreke det som bloggaren allereie har sagt. I Bergensavisen i 2013 var det eit intervju med ei dame som gjekk ut i media med at ho hadde fått anoreksi fordi ho les seg i hel på bloggen til Berg Eriksen. For ho blei bloggaren biletet på det perfekte liv, og ho tenkte at om ho levde, trena og åt slik som Berg Eriksen fekk ho det same livet. Opplevinga av interaksjonismen gjennom blogg har som tidlegare nemnt, ofte ikkje felles mening for mottakaren og sendaren. Denne hendinga syner at intensjonen til Berg Eriksen og den budskapet lesaren sit att med, ikkje går overeins. Som ein kommentar til reportasjen avisa skreiv, sa Berg Eriksen at media prøvde å dytte all skuld over på bloggarane, og at dei fyrst og fremst burde feie for eiga dør.⁶⁰ Reportasjen i Bergensavisen syner både at ein så profilert og stor blogg som Berg Eriksen sin kan påverke publikum negativt, og at media framhevar dei psykiske lidningane bloggarane kan påverke sitt publikum med.

⁵⁹ Bakken 2016

⁶⁰ Bakken 2013

Det er liten tvil om at bloggarane faktisk påverkar sitt unge publikum gjennom den rolla dei har, og det dei presenterer, men ein kan også stille spørsmål om presset er så reelt som det publikum kjenner på. Blir eigentleg ein del av presset skapt sjølv, eller blir ein utsatt for eit fiktivt sosialt press slik som Martinussen peikar på. Bloggarane skapar ei konstruert verkelegheit som eigentleg ikkje eksisterer i så stor grad som publikum trur, men gjennom innlegga på bloggen trur publikum at denne verkelegheita faktisk eksisterer. Det fiktive sosiale presset gjer til at publikum kjenner presset på kroppen fordi bloggarane gjer det, og dermed føler dei seg påverka av den informasjonen dei får gjennom bloggen.

Likevel er det heilt klart at bloggarar som Berg Eriksen, Rasmussen og Isachsen har ei enorm påverknadskraft med si klare stemme, og store rolle på sosiale medium i dag. Det er uklart om dei heile tida tenkjer gjennom konsekvensane det kan føre til når fleire tusen unge jenter sit framfor ei datamaskin eller ein mobiltelefon og syg til seg det dei les. Om Isachsen på ein heilt vanleg dag fortel at ho vaknar og føler seg trist, hjarterytmen er høg, ho kjenner på kroppen at ting ikkje er bra, og dermed konstaterer at det er angst, så kan det påverke unge jenter på heilt feil måte. Då kan dei tenkje at slik har eg det også, slik kjenner eg meg også, og dermed tru at dei også har angst - slik som toppbloggaren, Sophie Elise Isachsen. Medan i verkelegheita så kan dette vera heilt rasjonelle kjensler, og rett og slett berre ein mindre god dag. Isachsen fører dermed sitt unge publikum inn i eit tankekaos om vonde kjensler og psykiske lidingar, som verken ho eller resten av samfunnet veit konsekvensane av.

5.1 Avslutning

Denne oppgåva har teke føre seg Goffman sin rolleteori, Frønes sin teori om ein moderne barn-dom, og mediepåverknad sett i lys av Gripsrud sine meiningar. Den har sett på empirisk materiale frå ulike rapportar henta frå Ungdata og Medietilsynet, før den tok føre seg ein analyse av tre toppbloggarar i Noreg. Rolleteorien til Goffman er blitt knytt opp mot bloggarane, den rolla dei har frontstage og backstage, og påverknaden den har på sitt publikum som mottakarar. I drøftinga har den knytt teoriane opp mot kvarandre, og sett på kva dei ulike bloggarane har presentert opp mot desse teoriane og døma. Det empiriske materialet har synt tydeleg at unge jenter er mest på sosiale medium, og at det er dei som er mest utsatt for å utvikle ei form for psykisk lidning.

Problemstillinga i denne oppgåva var: i kva grad kan eit sosialt medium som blogg, føre til at unge jenter si psykiske helse blir påverka i form av depresjon og angst. Oppgåva har synt at unge

jenter i stor grad kan bli påverka av det dei ser og les på eit sosialt medium som blogg, men det er sjølvstundt ulikt frå person til person i kva grad dette råkar. Det er nok heller ikkje alle unge jenter som let seg påverke, men det er lettare for dei å bli utsatt for psykiske lidingar og påverknad gjennom sosiale medium enn gutar på same alder, slik som statistikken henta frå dei ulike rapportane har synt. Det såg eg føre meg då eg laga problemstillinga, og ville difor finne ut om dette verkeleg stemde. Den har også synt at bloggarane skriv uforstyrta om eigne erfaringar, problem og psykiske lidingar, og at det verkar til at dei ikkje skjønner konsekvensane av det dei skriv, og kva det kan gjere med dei unge jentene som les det. Det ser ut til å eksistere eit fiktiv, sosialt press, fordi bloggarane konstruerer ei verkelegheit som dei unge jentene trur på, og blir påverka av. Når bloggarane skriv uforstyrta om eigne psykiske lidingar, blir unge jenter påverka av dette fiktive, sosiale presset, og kan oppleve å kjenne på dei same kjenslene som bloggarane skriv at dei har. Oppgåva har ikkje noko klart eller tydeleg svar sidan dette temaet framleis er lite forska på i sosiologien, men mistankane eg hadde i starten om at unge jenter blir påverka av det dei les på bloggar stemmer når ein ser på resultatane i rapportane som er blitt lagt fram.

Både oppgåva og innhaldet er svært aktuelt, og det har vore utruleg interessant, og kjekt å skrive om. Dersom oppgåva hadde hatt eit større omfang kunne den ha vore gjort endå grundigare. Eg kunne til dømes ha gått meir i djupna ved å gjennomføre intervju med jenter i ungdomsskulealder ved ulike institusjonar. Oppgåva har gjeve meg eit nytt syn på Goffman sin rolleteori, og det er interessant at ein teori som er så mange år gamal kan sjåast i lyset av ei problemstilling som er så aktuell i dag.

6. Litteraturliste

Bakken, A. (2016). *Ungdata 2016. Nasjonale resultater (NOVA Rapport 8/16)*. Henta 30.04.17, frå <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjoner/Rapporter/2016/Ungdata-2016.-Nasjonale-resultater>

Bakken, L. (2013, 22.04). – Leste «Fotballfrue», fikk anoreksi. *Bergensavisen*. Henta 03.05.2017, frå <https://www.ba.no/nyheter/leste-fotballfrue-fikk-anoreksi/s/1-41-6616620>

Berger, P-L., & Luckman, T. (1966). *Den samfunnskapte virkelighet*. Bergen: Fagbokforlaget.

Blokkhus, L; Dahl, I; Bråthen, J. (2014, 26.12). Berg Eriksen beklager fototukling. *VG*. Henta 01.05.2017, frå <http://www.vg.no/rampelys/berg-eriksen-beklager-fototukling/a/23363342/>

Chowdhry, A. (2016, 30.04). Research Links Heavy Facebook And Social Media Usage To Depression. *Forbes*. Henta 27.04.2017, frå <https://www.forbes.com/sites/amitchowdhry/2016/04/30/study-links-heavy-facebook-and-social-media-usage-to-depression/#636dfced4b53>

Cole, N. (2017, 02.03). Goffman's Front Stage and Back Stage Behavior: Understanding a Key Sociological Concept. *Thought.co*. Henta 26.04.2017, frå <https://www.thoughtco.com/goffmans-front-stage-and-back-stage-behavior-4087971>

Eriksen C.B. (2017). *Caroline Berg Eriksen*. Henta 12.05.17, frå <http://www.carolinebergeriksen.no>

Eriksen, C.B. (2014, 26.12). *Aktuelt, hverdagsliv*. Henta 01.05.17, frå <http://www.carolinebergeriksen.no/2014/12/26/42175/>

Farlex. (2017). *The free dictionary*. Henta 04.05.2017, frå <http://no.thefreedictionary.com/blogg>

Frønes, I. (2011). *Moderne barndom*. Oslo: Cappelen Damm AS.

Goffman, E. (1992). *Vårt rollespill til daglig*. Oslo: Pax Forlag AS.

Gripsrud, J. (2015). *Mediekultur, mediesamfunn*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hafsaas, S. (2014, 05.04). Slik påvirkes ungdoms selvbilde av sosiale medier. *TV2*. Henta 09.05.2017, frå <http://www.tv2.no/a/5398932/>

Hartberg S., Hegna K. (2014). *Hør på meg Ungdomsundersøkelsen i Stavanger 2013 (NOVA Rapport 2/14)*. Henta 30.04.17, frå <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjoner/Rapporter/2014/Hoer-paa-meg>

Helsedirektoratet 2016. *Angst og depresjon*. Henta 09.05.2017, frå <https://helsedirektoratet.no/folkehelse/psykisk-helse-og-rus/angst-og-depresjon>

Isachsen, S.E. (2017). *Sophie Elise*. Henta 12.05.17, frå <http://sophieelise.blogg.no>

Isachsen, S.E. (2012, 18.03). *Min historie*. Henta 01.05.17, frå http://sophieelise.blogg.no/1332093454_min_historie.html
Isachsen 2015

Isachsen, S.E. (2015, 21.04). *Ikke gjør samme feil som meg*. Henta 01.05.17, frå http://sophieelise.blogg.no/1429638582_21042015.html

Isachsen, S.E. (2015, 07.06). *Hilsen tidligere bipolar*. Henta 01.05.17, frå http://sophieelise.blogg.no/1433373122_hilsen_tidligere_bipo.html

Isachsen, S.E. (2016, 26.04). *Angst*. Henta 01.05.17, frå http://sophieelise.blogg.no/1461505770_24042016.html

Isachsen, S.E. (2016, 10.07). *Angst for angsten*. Henta 01.05.17, frå http://sophieelise.blogg.no/1468098323_angst_for_angsten.html

Lorentzen, S. (2014, 03.10). Sophie Elise: – Jeg orket ingenting og ville bare sove. *TV2*. Henta 01.05.2017, frå <http://www.tv2.no/a/6076725/>)

Malt, U. *Store norske leksikon*. Henta 09.05.2017, frå https://sml.snl.no/psykiske_lidelser

Martinussen, W. (2008). *Samfunnsliv - Innføring i sosiologiske tenkemåter*. Oslo: Universitetsforlaget.

Medietilsynet. (2016). *Barn og medier 2016*. Henta 30.04.17, frå <http://www.barnogmedier2016.no>

Nettavisen AS, Mediehuset. (2017) *Blogglisten*. Henta 01.05.2017, frå <http://blogglisten.no>

Newth, M; Svendsen, M. (2016, 14.10). Blogging er big business: «Mamma til Michelle» tredoblet lønnen. *VG*. Henta 01.05.2017, frå <http://www.vg.no/rampelys/skattelister-2015/blogging-er-big-business-mamma-til-michelle-tredoblet-loennen/a/23820164/>

Rasmussen, A. (2017). *Mamma til Michelle*. Henta 12.05.17, frå <http://mammatilmichelle.blogg.no>

Rasmussen, A. (2016, 12.05). *En gang deprimert, alltid deprimert*. Henta 01.05.17, frå http://mammatilmichelle.blogg.no/1463083875_en_gang_deprimert_all.html

Rasmussen, A. (2017, 21.01). *Deprimert av bloggingen*. Henta 01.05.17, frå http://mammatilmichelle.blogg.no/1484944870_deprimert_av_blogging.html

Rasmussen, A. (2017, 09.02). *Jeg prøvde å ta mitt eget liv*. Henta 01.05.17, frå http://mammatilmichelle.blogg.no/1486659603_jeg_prvde__ta_mitt_eget_liv.html

Talseth, T. (2013, 12.12). Fotballfrue-mannen: - Caroline har aldri vært syk av spiseforstyrrelser. *VG*. Henta 09.05.2017, frå <http://www.vg.no/rampelys/fotballfrue-mannen-caroline-har-aldri-vaert-syk-av-spiseforstyrrelser/a/10141193/>

Sjølvvalt pensum:

Bakken, A. (2016). *Ungdata 2016. Nasjonale resultater (NOVA Rapport 8/16)*. Henta 30.04.17, frå <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjonar/Rapporter/2016/Ungdata-2016.-Nasjonale-resultater>. s. 1-107

Frønes, I. (2011). *Moderne barndom*. Oslo: Cappelen Damm AS. s. 88-151

Frønes, I., & Futsæter, K. (2013). Diffusjon og bruk av Facebook i Norge. *Sosiologisk tidsskrift*, 2013, 47(4), 353-373

Gjelsten, G., & Simonnes, A. (1997). *Å vekse opp i eit mediesamfunn*. Gjøvik: Det Norske Samlaget. s. 37-45, 104-179.

Gripsrud, J. (2015). *Mediekultur, mediesamfunn*. Oslo: Universitetsforlaget. s. 13-39, 231-304

Hartberg S; Hegna K. (2014). *Hør på meg Ungdomsundersøkelsen i Stavanger 2013 (NOVA Rapport 2/14)*. Henta 30.04.17, frå <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjonar/Rapporter/2014/Hoer-paa-meg>. s. 1-89

Medietilsynet. (2016). *Barn og medier 2016*. Henta 30.04.17, frå <http://www.barnogmedier2016.no>. s. 1-19

www.carolinebergeriksen.no

www.mammatilmichelle.blogg.no

www.sophieelise.blogg.no

Wyn, J. (2015). *Handbook of Children and Youth Studies*. Singapore: Springer Singapore. s. 1-21, 49-63, 257-279.